

KYRKJEGLØTEN

NR. 3 — 2020 · 43. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR MO OG OSTERFJORDEN



6-7

Brødrene Alver

9

Minnelund

15

Drive-in konsert
på Modalstunet

Kontaktinfo:

Ostereidet kyrkjekontor

Ørnova 21, 5993 Ostereidet

Telefon: Nytt felles telefonnummer til Kyrkja i Alver kommune: 4000 1691

Kvar dag kl 10.00 – 14.00.

post.osterfjorden@kyrkja.no

Heimeside: www.kyrkja.no/alver og klikk på KYRKJELYDAR, og så Osterfjorden sokn.

Facebookside:

Kyrkja i Osterfjorden

VIPPS 537808

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

Opningstid:

Mandag, tysdag og torsdag
kl 09.00 – 15.00

Mo kyrkjekontor

5729 Modalen

56 59 90 33

larsbjarte.nesheim@modalen.
kommune.no

Facebookside: Mo sokn

Kontortid: måndag og onsdag
kl. 8-15.30

Tilsette Ostereidet



Torbjørn Aamli
Sokneprest / 476 21 201



Boris Kuprijanov
Organist / 920 60 993



Bjørn D. Nygård
Kateket / 412 59 586



Sonja B. Molvik
Sekretær



Ragnhild Minde Romarheim
Trusopplærar



Antje Michelau-Meyn
Trusopplærar / 56 59 90 34 antje.michelau-meyn@modalen.kommune.no

Tilsette Mo

Tankestrek

«NÅ SER VI SOM I ET SPEIL, I EN GÅTE»

Ved sokneprest Torbjørn Aamli

Alternative eller komplimentære sannheter?

Da en kjent president ble innsatt for noen år siden (du gjetter sikkert hvem), hevdet han at det aldri hadde møtt fram så mange på en presidentinnsettelse. Noen la fram bilder som viste det motsatte, og de lurte da på hvordan han kunne hevde dette. Jo, det var en «alternativ sannhet». Slik kan rett og galt røres sammen og gi folk en gal eller forvirret virkelighetsoppfatning.

Komplimentære sannheter

Annerledes når kompliserte fenomener skal beskrives, og alt skildres svart-hvitt eller endimensjonalt. Det er da vi trenger «komplementære fortellinger». «Når to eller flere forskjellige elementer forbedrer eller styrker hverandre, er relasjonen mellom dem komplementær», skriver Store Norske leksikon. Dette gjelder i høy grad når vi snakker om tro og opplevelser. Ulike menigheter og tradisjoner har omfavnet visse historier. Pinsevennene har tradisjonelt vektlagt sin åndsdåpsopplevelse med tungetale, vekkelsesbevegelsene la vekt på omvendelsesopplevelsen, og kristensosialister og miljøvernere holdt seg mest i første trosartikkel i sin kamp for rettferdighet og naturvern.

Angrep på karikaturer?

Så skjer det lett at noen gjøres til helter og andre blir skurker. En trekker gjerne fram de mest ekstreme eller en karikatur fra leirer en ikke identifiserer seg med, og angriper mange som ikke kjenner seg igjen i beskrivelsen.

Jovisst finnes det mis bruk og overdrivelser i alle leirer. Alle kan trå feil, og gå noen skritt for langt.

Treenighet - noe å lære?

Vi har nylig feiret Treenighetssøndag, og de tre personene Fareren, Sønnen og Helligånden har på en måte «komplementære oppgaver», selv om de er en enhet. Kan vi lytte til de som har fokus på første, andre eller tredje trosartikkel, og spørre om vi har noe å lære? Kan vi bekrefte gyldigheten av andres trosspråk og opplevelse, i stedet for å mistenkliggjøre dem? Da kan mangfold av erfaringer og synspunkter bli fruktbart, og føre til kreativitet. Kan hende kan vi også gjøre nye erfaringer, og forstå mer av både Gud og livet?

Så får vi ta med oss det gode i det vonde: Sjå etter nye måtar å hjelpe kvarandre. Tenkje etter om nokon treng hjelp til handling eller anna. Ta ein ekstra telefon til dei som sit einsame, engstelige og sorgjande. Og så kan vi som trur på Gud be om Guds velsigning over land og folk!



Lars Bjarte Nesheim
Kykkjeverje
976 75 416

D/S OSTER OG COVID 19

Tekst og foto: Gunvor Taule Mjanger

Mannskapet på D/S Oster hadde planlagt ein vanleg sesong med ein omfattande seglingsplan som var sendt ut, fortel Ragnhild og Tor Johannes Bjørgaas.

Så kom avbestillingane. Den første var frå kulturdagane i Arna som vart kansellerte. Deretter frå Modalsdagane, torgdagen i Bergen og fleire blåturar. Det vart ikkje segling denne sesongen. Det betyr at det heller ikkje vart inntekter. Dei som har avbestilt, har ikkje betalt noko. D/S Oster har tapt ein god million, og det er mykje pengar for dei. Men, dei er nøkterne og brukar ikkje pengar utan at dei må. Litt 'på bok' og ein framifrå dognadsgjeng gjer at dei kan restaurera styrehuset som dei har planar for, i samarbeid med riksantikvaren. Dei får gjort det som må gjerast, mest takka vere den kompetente dognadsgjengen. Det er mykje arbeid, og litt sosialt i tillegg.

Det vart ein roleg vår og sommar, heilt annleis enn det brukar vera. Dei har halde på med Oster sidan november 1995. Dampbåten vart presentert i Bergen i august 2000 og har sidan dampa rundt i regionen kvar sommar frå mai til september. Dei saknar det, både to, men det viktigaste er at folk får vera friske. Dei håpar å få starta opp att med turane til våren.

Midt i det heile er Tor nøgd med at båten får ein grundig vårpuss, noko dei elles ikkje har tid til!



Frå venstre: Sigmund Hagesæter, Roald Moldeklev, Tor Johannes Bjørgaas, Jan Ulvøy, Jakob Holme, Reidar Fyllingen



Ragnhild og Tor Johannes Bjørgaas

REMA 1000
OSTEREIDET

Vaage Kartosseri as
Tlf. 56 35 63 50
BOSCH
Service

OSTEREIDET
Kro
smakfulle frustelser

Hjelmås
VVS %
Torhusmyrane 2 – 5913 EIKANGERVÅG
Tlf. 56 35 40 50
E-post: hjvvs@hjelmaas.no

Gravminne
Ring for katalog
Navnetilføyning
Gravstell
Oppussing
Hageland
Eikanger
Sauvågen 251 - 5913 Eikangervåg - tlf 56 35 7730

Bt
BYGGtorget
KÅLAS BYGG AS
Tlf. 56 35 33 70 - www.kalasbygg.no

Bibelstudier på Romarheim

Tekst: Randi Romarheim

På Romarheim har det vore «småmøte», møte utan tilreisande talar, frå lang tid tilbake. Dei møttest i heimane søndagskveldar til bibellesing, bøn og samtale. Då me fekk bedehuset, vart småmøta der, på ein vekedag.

No samlast me, tre til ti personar minst ein gong i månaden.

I mange år gjekk me gjennom komande søndags preike-tekst. Ein av oss hadde ansvar for å leggja fram teksten. Etterpå var det samtale.

I fjar ville me prøva noko nytt. Me høyrer på ein serie på CD frå P7 Kristen Riksradio der Johnn Hardang går gjennom Efesarbrevet. Tema for dei tolv bibeltimane er «Den Hellige Ånd og vi». Der får me innføring i ein del sanningar om Den Heilage Andes person og gjerning. Kvar bibeltime tar 20 min., så det blir god tid til samtale. Samtalen er viktig. Me avsluttar med bøn.

Det vart ikkje møte i vår, så me er ikkje ferdig med serien. Difor har me ikkje evaluert denne måten å gå gjennom tekstar på enno. Men me har fått godt utbytte og god innsikt i tekstane, så me fortset truleg med å høyra på CD ei tid til. Om du har lyst å vera med, ta kontakt!

Bibellesekveldar i Modalen

Tekst: Berit Indvær

Hausten 2019 starta vi bibellesekveldar. Ideen til dette opplegget fann vi i boka til H.J.Sagrusten «Rik bibelbruk»

Opplegget for kveldane har vore bibellesing, song, samtale og bøn.

Vi har lese frå Lukasevangeliet, litt informasjon om Lukasevangeliet. Så les vi to kapittel og samtalar om det vi har lese.

Songar og bøner har vi henta frå Norsk Salmebok og Tidebøner frå Ffald-y-Brenin (Roy Godwins retreatsenter i Wales).

Arrangørar er bedehuset og kyrkja i Modalen. Ein gong i månaden har vi desse kveldane, skiftevis på bedehuset og i kyrkja.

På grunn av restriksjonar i samband med corona, har vi ikkje hatt samlingar på ei stund, men vonar å starte opp att til hausten. Dersom du vil være med på bibellesekveldar, ta kontakt med Berit på telefon 99 73 56 85, så får du orientering om tid og stad.

Ny medarbeidar

Ragnhild Minde Romarheim har gått inn i eit vikariat som trusopplærar i Lindås og Osterfjorden sokn. Dette utgjer ei 50 % stilling ut semesteret. Ho skal arbeide spesielt med samlingar for born i samband med trusopplæringa. I september startar ho opp med Småbanstrall i Hjelmås kapell.

Ragnhild kjem frå Meland og er busett på Leiknes. Av yrke er ho sjukepleiar, men ho har tilleggsutdanning innanfor pedagogikk. Ho er vasken opp med kyrkjeleg arbeid. Som mor til tre, er ho engasjert i Midtgård bedehus sitt tilbod til dei yngste.

Vi ønskjer Ragnhild velkommen som medarbeidar i Osterfjorden sokn.



Frå kyrkjebenken

Tekst: Kjell Harald Nedreaas
Foto: Gunvor Taule Mjanger

– Kva kyrkje tilhører du?

– Ostereidet kyrkje.

– Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?

– Eg har deltatt på gudstenester og andre kyrkjelydsarrangement sidan kyrkja var ny i 1988, men har nok vore meir aktiv etter at eg flytta heim igjen frå Bergen i 2005 og var med i soknerådet i perioden 2012-2015.

– Kva set du mest pris på ved Ostereidet kyrkjelyd?

– Å kunne ha ei formell tilhøyring til ein kyrkjelyd på heimstaden er trygt og godt i eit elles rastlaust og travelt liv.

– Korleis vil du skildra kyrkja?

– Det heilage kyrkjerommet bringer himmelen nærmare jorda, og gjev fred og ro til å reflektere over fortid og framtid i lys av Herrens Ord. Den faste litturgien i gudstenesta skapar ei tidlaus heilag ramme, gjev ro i sinnet og ny kraft og glede i kvardagen. Samveret med andre truande gjev tryggleik, glede og frimot.

– Det er viktig for meg at det er ei kyrkje for heile folket, både dei truande, dei søkjande/trengjande, dei usikre og dei som vil ha/treng ei heilag ramme kring ein livssituasjon, og der Ordet blir forkjent slik det står skrive i Bibelen.

– Ostereidet kyrkje er eit særstak tenleg hus for mange kyrkleige formål og sosiale samankomstar.

– Er det ein eller fleire salmar du likar godt?

– Eg likar gode og innhaldsrike salmar som er melodiose og lette å syngje. Eg vil særskilt nemne salmane til Trygve Bjerkrheim, bl.a. ”Takk at du tok mine byrder” (NOS 381) og ”Det er makt i de foldete hender” (NOS



FAKTA

Namn: Kjell Harald Nedreaas

Alder: 62 år

Bustad: Askelandsvågen,
5993 Ostereidet

Yrke: Havforskar

631), alle salmane til Lina Sandell, bl.a. ”Jag kan icke räkna dem alla” (NOS 376), ”Ingen er så trygg i fare” (488), ”Blott en dag” (489) og ”Bred dina vida vingar” (NOS 819). Også den fine vår- og sommar salmen ”Så grønn en drakt” (NOS 845).

– Kva kjenner ein god kyrkjekaffi?

– Kyrkjekaffien gjev oss eit høve til å dele eit lite måltid og ein avslappande og uformell prat med bygdefolk om både det eine og andre. At presten er med for å svare på spørsmål om preika sikrar ein god kyrkjekaffi. Det vesle måltidet og praten er viktigare enn menyen.

MELAND ELEKTRO
AUTORISERT ELEKTROENTREPENØR
Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no
www.melandelektro.no

**TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?**

KIRKEN'S SOS
22 40 00 40



Brødrene Rune og Inge Alver kjenner sterkt tilknytning til lokalmiljøet i Alverstraumen og kyrkja i Alversund.

Kulturformidlarar og fiskarbønder

Tekst og foto: Arthur Kleiveland

RUNE (63) HAR SKAPT EIN KARRIERE SOM PIANIST MED SUKSESS BÅDE I INN- OG UTLAND. BROR INGE (73) HAR VORE SKULEMEISTER I STORE DELAR AV SITT YRKESAKTIVE LIV. BEGGE ER KULTURPROFILAR I ALVER.

Inge og Rune Alver fekk musikken inn med morsmjølka – songleda var stor på begge sider av familiegrinene. Mor Aud spelte husorgel og faren lærte seg å spela fiolin i ein alder av 40 – då han utdanna seg til lærar på lærarskulen på Stord. Bestefaren var med å stifta musikkorps i Alverstraumen og var også dirigent i mange år.

Musikken har følgd Alver-brørne gjennom heile livet. Rune har halde konserter på alle kontinent. Inge kan trygt kallast ein relativt kvalifisert publikummar.

SJUMILSSTEG

Rune begynte å spela piano i sjuårs-alderen, og frå 13-14-årsalderen utvikla han seg med sjumilssteg. Særleg var det kjærleiken til Chopin sin musikk som dreiv han, men han såg absolutt ikkje for seg ein yrkeskarriere som pianist. Rune

fekk sin klaver-debut som 20-åring, men før det hadde han også utmerka seg med å bli Ungdommens pianomeister i Norge.

I tillegg til Chopin står Schumann og Beethoven sin musikk høgt i kurs hjå pianisten frå Alver. Men Grieg har hatt – og har ein spesiell plass hjå Rune Alver – som er kjend for å vera ein framifrå Grieg-tolkar – og har spelt inn ein god del av hans musikk. Han har i seinare år jobba mykje med å få fram musikk av nyare norske komponistar som han meiner fortener ein plass i lyset.

Rune Alver samarbeider med framståande musikarar, skodespelarar og bildekunstnarar i tradisjonelle og meir eksperimentelle konsept. Mellom anna har han hatt eit langt og godt samspel med norsk teater sin grand old man, Toralf Maurstad.

STOR INTERESSE FOR KULTUR OG HISTORIE

Brørne har stor sans for lokal kultur og tradisjon. Men samstundes har dei eit ope blikk på den store verda. Rune har reist med musikken sin i mange land, og hausta ovasjonar mellom anna for sine tolkingar av Grieg sine verk. Inge har

dei seinare åra tatt med seg reisefølgje til utlandet. Interessa for ulike land sin kultur og historie har ført han både til Italia, Hellas, Spania og Frankrike, og ei rekke andre europeiske land. Det starta med at han gjennomførte eit opplegg for kollegaer og kjende, og seinare har det balla på seg.

- Det viser seg å vera stor interesse for å vita meir om vår eigen og europeisk historie og kultur, seier Inge Alver.

- Det er hardt arbeid å reisa på tur med Inge, røpar Rune. - Men veldig lærerikt og spennande, legg han til.

- Eg og Inge har til felles at vi formidlar norsk og europeisk kultur og historie, seier Rune.

Samtidig har dei begge beina godt planta i fiskarbonden sitt rike. Dei har ingen ting i mot å kalla seg fiskarbønder. Dei held både seg og delar av slekta med fisk dei har tatt på eigin kjøl. Og i sommar har familien sine fjorten sau器 beita utfør «nøvæ».

MØTEST I KYRKJETÅRNET

Me møter brørne i tårnet i heimekyrkja i Alversund. Begge har eit godt forhold til kyrkja. Inge har ei fortid som medlem i soknerådet og leiar i tidlegare Lindås kyrklege fellesråd. Han har også vore med å ringja inn jula i Alversund.

Han har også hatt rolla som Petter Dass i eit større jubileumsprogram om dikterpresten frå Alstadhaug, eit program Inge saman med Alversund kammerkor, Eilif B. Løtvit og fleire. Programmet hadde premiere i Alversund kyrkje og vart seinare framførte i mange andre forsamlingshus. Han har også vore festleiar og konferansier på ei rekke arrangement og konsertar i blant anna Knarvik kyrkje.

Rune har vitja ei rekke kyrkjer i landet med konsertprogrammet «Goldberg-variasjonane av J. S. Bach i kombinasjon med bibelsk billedkunst frå barokken». Han inviterte også til konsert i Knarvik kyrkje som ein del av 60-årsmerkinga si, og både Rune og Inge var med då Musikkens Venner markerte overgangen til Alver kommune med festkonsert nyttårsaftan. Seinast på 17. mai var han med på ei digital gudsteneste frå Alversund kyrkje.

- Synest det er veldig kjekt å delta på gudstenester i lokalmiljøet med både velkjend og mindre kjend musikk, seier Rune Alver.

SER BEHOV FOR EIT KULTURHUS

Brørne gler seg over det rike musikk-, kunst- og kulturlivet i regionen vår. Sjølv om Knarvik kyrkje har blitt ein mykje bruk arena for både kulturarrangement og konsertar, så ser dei behovet for eit kulturhus i regionen med plass til konsertar, teater og utstillingar av bildekunst.

Inge meiner regionen også manglar eit regionalt museum-slokale på denne sida av Nordhordlandsbrua. Sjølv er han



Intervjuet blei gjort i kyrketårnet i Alversund kyrkje.

leiar for arbeidet med bygdeboka for Alversund, som høgst truleg vil koma ut i løpet av neste år.

Den mangeårige rektoren har dei siste åra brukt mykje tid i Ressursgruppa i Nordhordland næringslag, i arbeidet med å hjelpe ungdommar som av ulike grunnar «fell utanfor» med praksisplass/jobb i lokale bedrifter – eller motivera dei til vidare skulegang.

- Eit anna mål me har sett oss er at skuleungdom på yrkesfag på dei tre vidaregåande skulane i regionen skal vera sikra læreplass dersom dei står i alle fag, fortel Inge. Ingen andre i landet gir ein slik «læreplass-garanti».

RAFFINERTE RETTAR

Alver-brørne har stor sans for mat – både norsk kvardagskost og meir raffinerte rettar. Eldstemann slår eit slag for pianisten si neslesuppe. Inge kan forresten smykka seg med den litt uhøgtidelege tittelen som æresmedlem i Kokkekarmeratane, etter å ha formidla sine kunnskapar om mat og edle dråpar. Mange har hatt glede av hans vinkurs.

Frå nyttår kunne brørne konstatera at den nye kommunen tok same namn som dei.

- Det var ikkje vår idé, men eg brukar det for alt det er verd, seier Rune Alver lattermildt.

Så er me nede igjen frå kyrketårnet, og utanfor kyrkjedøra kan me skoda utover den vakre Alverstraumen.



Fjon Fjellkyrkje har ledig plass

Tekst: Geir Øy Foto: Privat

Fjon fjellkyrkje ligg ikkje langt frå allfarveg, like ved E39, men likevel godt for seg sjølv på Haukeland i Masfjorden. Også Fjon har fått merke følgjene av nedstenginga i vår. Tidlegare sokneprest i Masfjorden, Knut Fr. Sørheim er styremedlem og ansvarleg for utleiga.

- Korleis har koronatiltaka fått følgjer ved Fjon?

- Det årlege rådsmøtet, som skulle vore alt 17.mars, er utsatt til hausten. Meir synd er det at vi måtte avlyse gudstestesta skjærtorsdag, ei gudsteneste som har hatt sin plass kvart år heilt frå 1977 då tomta var utpeika. Det er også leit at olsokstemnet som brukar å samle 120-150 personar, må gå ut, seier han.

Sørheim fortel at dei hadde ei uvanleg svar ‘ordrebok’ frå midt i mars og fram mot sommaren. Samanlikna med fjoråret, får fjellkyrkja eit betydeleg inntektstap på om lag 75 000 kr. Av eit årsbudsjett på 300 000 kr er det ganske mykje.

- Kva følgjer får dette for den vidare drifta?

- Oppspart kapital var tenkt bruk til opprusting. Denne har vi no i stor grad blitt nytta til dekning av faste kostnader som straum og forsikring. Det betyr sjølv sagt at det blir svært spennande korleis inntektene blir vidare utover hausten og vinteren. Vi har ikkje fått avbestillingar for hausten, og det har kome nokre nye bestillingar.



- Vil det vere trygt å bruke Fjon framover?

- Ja, så sant ein tek smitteverntiltak på alvor, skal det gå fint, men det ansvaret må kvar leigetakar ta. Reglar for smittevern er utarbeidd i samråd med kommunelegen i Masfjorden. Men med tanke på avstandskrav, kan det bli litt vanskar med kapasiteten for enkelte.

- Kva tenkjer du om framtida for Fjon?

- No har eg følgt verksemda ved Fjon gjennom snart 40 år, og eg er imponert over kor mange ulike grupper som har funne Fjon som veleigna stad. Det er konfirmantar, andre ungdomsgrupper, bibelskular; det har vore møte for styre og sokneråd, kveldssamlingar og helgeopp hold, familiesamvær og stad for merkedagar. No er det berre å vone at mange ser denne fantastisk flotte staden og held fram med å bruke han like jamt som til no. Eg håpar også at vi framleis vil ha nokon som på vegne av sokna, som eig Fjon, er villige til å ta oppgåvene med drifta på dugnad, slik det gjennom alle desse åra, seier Knut Sørheim.



Dugnadsinnsats er avgjerande for drifta ved Fjon fjellkyrkje. Astor Angelsgård arbeider ute ved grillhytta. I matpausen har han selskap av Bjørn Erik Hjørnevikt (f.v.) og John Henanger.



MINNELUND

Eit alternativ til gravstein

Tekst: Gunvor Taule Mjanger

Foto: Jens Z. Meyer, Bjørgvin bispedømekontor

FLEIRE ØNSKJER MINNELUNDAR

Stadig fleire ønskjer å leggje sine døde i felles gravstader. Etterspørsla etter minnelundar har auka så kraftig at nesten halvparten av kommunane i landet no har minst ein minnelund. Jens Z. Meyer, rådgjevar ved Bjørgvin bispedømekontor, opplyser at det er slike mellom anna på gravplassen ved Åsane gamle kyrkje, ved Fana kyrkje og Kuventræ i Os. Voss har natt fått godkjenning. Me har spurt kyrkjeverja i Alver, John Fredrik Wallace, om minnelundar har vore tema i Alver kyrkjelege fellesråd (AKF).

-AKF har så langt ikkje jobba mykje med namna minnelundar, men det ligg no til rette for dette i vedtekten som fellesrådet har vedtatt for gravplassane i Alver kommune, seier han. Dette er eit første steg. Det er til no ingen minnelundar i kommunen.

NY GRAVPLASS PÅ LINDÅS

Lindås kyrkjelege fellesråd hadde lenge arbeidd med å utvide gravplassen på Lindås, og fellesrådet i Alver har overtatt dette. I første byggesteg er namna minnelund ein integrert del av ny gravplass, i tillegg til 72 urnegraver og 181 kiste-graver.

I Radøy sokn har ein arbeidd med å leggja til rette for ein minnelund på gravplassen ved Manger kyrkje. Det er ikkje tilrettelagt for minnelund på Knarvik kyrkjegard. Det må vurderast og fellesrådet må drøfta og ta stilling til det.

Neste prosjekt er i Meland sokn. Ny gravplass ligg i kommunen sin langtidsplan, og minnelund er sjølv sagt også aktuelt der.

TRADISJONAR I ENDRING

Gamle tradisjonar er i endring, nye generasjonar tenkjer annleis enn dei gjorde før. Gravstellet har følgt garden. Den som overtok garden, overtok også gravstellet. Slik er det ikkje lengre. Mange opplever ein namna minnelund som eit fint og tilrettelagt alternativ til eigen gravstein.

-Det er naturleg å ha namna minnelund på meir enn ein stad i Alver kommune, men ikkje på alle 25 gravplassane. Dette tar tid, og me må jobba godt med dette, avsluttar kyrkjeverja.



Ein minnelund med namn er eit felles minnesmerke. Det blir ikkje sett eit gravminne ved kvar grav. I staden for kan ein velje å setje opp namn og årstal for fødsel og død på den gravlagte på ei minneplate. Alle desse minneplatene vil ha same utforming.

I ein minnelund med namn vil gravplassforvaltinga sørge for felles beplanting og dei etterlatne kan setje blomar og lys der. Ein betalar inn ein eingongssum. Dette er vanlegvis langt mindre enn det du må ut med for stell av ein gravstad med eige gravminne.

Gravferdsforskrifta vart endra i 2012 og fekk då eigne punkt for minnelundar med namn. Endringa opnar for at gravferdsforvaltninga i kvar kommune (kyrkjeleg fellesråd) sjølv kan vedta å etablere ein eller fleire minnelundar.



Kyrkjeverja i Alver, John Fredrik Wallace. Foto: Geir Ø

SPØRJEUNDERSØKING

Redaksjonen i kyrkjebladet vil gjennomføra ei spørjeundersøking om dette tema på Facebook.

Gå inn på Knarvik kyrkje si facebookside og sei di meining! Så presenterer me resultatet i neste nummer.

KRYSSORD

Laga av Arvid Sakseide

nr. 3 i år 2020	<u>kornet</u> R	nauda	bustad- en	balar	No-reg	sno-kane	ar-beids- plass	la i seg	dela likt					
grein						grev								
arab. hov- ding					gran- nar			skrå- ning org.						
kasus- form										vekt	del av framk.- middel		norsk politi- kar	<u>saft</u>
israelsk <u>stamme</u> haug					fiskar	klokka								
til- strek- keleg		ins- trum- entet	røys rett			trave klov- nane	heilag	mål			elar ----- fysak	flåte		
hola					<u>gripa</u>				<u>pref.</u>					
					hei- der giro					serum, <u>eng.</u> studerte				
norsk fest- ning														
smyk- kekoll- eksjon	<u>instr.</u>			<u>renna</u>	japa- narar								<u>pron.</u> norsk elv	
elv					nek- <u>ting</u> gr.st.					<u>fugl</u> veg- klasse				
selsk. i Nøt- terøy									<u>50</u>					

Send heile kryssordet (evt.foto/scan) innan 22. oktober til post.meland@kyrkja.no eller i post til Meland kyrkjelyd, Postboks 117, 5906 Frekhaug. Premie: Gåvekort kr. 250, Knarvik Senter. Vinnar av førre kryssord: Astrid Torsvik, 3482 Tofte.



Vatne Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 56 35 09 10
www.vatne-byra.no
 Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

GRAVFERDSSGRUPPEN

Nordhordland Begravelsesbyrå AS

Ring oss på tlf. 56 37 14 10
 eller sjå www.nordh-bb.no

VIRKE
GRAVFERD

*Stort utvalg
i blomster og
gravminne!*

KYRKJEVEGEN 1
 5911 Alversund

FREKHAUG:
 Havnevegen 31,
 5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:
 Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen

Debuterer med ungdomsbok om Peter

Tekst: Arthur Kleiveland

Foto: Privat

Torbjørn Sæle har mange gonger lurt på korleis det var å vera Peter eller ein av dei andre i flokken som følgde etter Jesus. I ei bok som kjem ut i haust tar Knarvik-presten lesarane med inn i undringa om kven Jesus var – og er.

Sæle skriv først og fremst for ungdom og konfirmantar. Likevel trur han at tekstane kan vera aktuelle også for andre.

– Vi kan alle ha glede av å nærma oss Bibelen sine tekstar frå ulike innfallsvinklar. Anten vi har lese dei mange gongar eller om det er for første gong, om vi er 15 eller 51 år.

Boka følgjer framdrifta i Markus-evangeliet, men er avgrensa til dei hendingane der det er tydeleg at Peter eller fleire av disiplane er til stades. Til kvart av dei rundt 50 korte stykka følgjer det også med ei teikning, ei forklaring av eitt av orda i bibelteksten og eit spørsmål til eigenrefleksjon eller samtale.

UNDRING UNDERVEGS

I boka ønskjer Sæle å presentera disippelen si eiga forteljing – nærmast som ei dagbok, ein blogg, eit reisebrev. Her er det oppthurar og nedturar, glede og sorg, presentert utan filter.

– Vi kan bla til slutten av evangelia for å finna ut korleis det endar, men Peter og dei andre visste jo ikkje kva som kom til å skje neste dag. Eg har lurt på korleis det var å oppleva Jesus sine under og høyra forteljingane hans «live». Kva har Peter tenkt og kjent på undervegs? Det har eg prøvt å

få fram i Peters hemmelige notater, seier Sæle.

For mange kan det vera krevjande å setja seg ned å lesa Bibelen, og Sæle ønskjer å hjelpe ungdom og konfirmantar til å bli kjent med sentrale forteljingar om Jesus.

– I Markusevangeliet er det mange spennande forteljingar og gode skildringar. Gjennom denne boka vil eg prøva å gje litt starthjelp til det kortaste evangeliet, seier Sæle.

Gjennom skildringane til Peter håpar han dei som les vil oppleva at dei nærmast er til stades i det som skjer. – På den måten kan det skapast ein nærliek til viktige hendingar. Kanskje nokon også får seg ei a-ha-opplevering, slik som Peter.

VAR EIT VANLEG MENNESKE

For Torbjørn Sæle er det eit poeng å få fram at Peter var eit vanleg menneske som oss. Det var mykje han ikkje forstod, og han stilte spørsmål.

– Han prøvde seg fram, sa og gjorde gale ting og fekk nye sjansar. Eg trur vi alle kan finna noko vi kjenner oss igjen i ved å lesa Peter sine hemmelege notat, seier han.

Nokre av konfirmantane og ungdomane i kyrkjelyden har fått testa ut delar av boka, seinast før påske som eit alternativt opplegg då kyrkjene vart stengde og alternativ undervisning måtte lagast. Tilbakemeldingane gir Sæle tru på at dette kan vera til hjelp og bety noko positivt. Enkelte har også blitt bedne om å gje respons på korleis dei opplever boka. Dei har sagt at det er ein spennande måte å bli betre kjent med Bibelen på.



ANDAKT

Av Maria Sæle.

Ho er gift og har to born, bur på Frekhaug og er lærar på Grasdal skule.

Eg er ein av dei mange hundretusen som benka meg foran realityprogrammet «Kompani Lauritzen» denne våren. Eg lot meg begreistre; mest av alt av samhaldet som oppstod mellom alle i kompaniet. Det fekk meg mange gonger

til å tenke på kva eit kompani er. Dei fleste får naturleg nok militære assosiasjonar til ordet, og dessutan liknar det ordet «kompis». Ordet «kompani» har fleire tydningar, men kjem opprinnleig frå latin, *cum panis*, som oversett til norsk tyder «samman om brødet».

Å vere saman om eit brød kan handle om å ete i lag. Ikkje berre eit brød, men å dele eit måltid i lag med nokon. Om ein deler eit måltid i lag, skjer det noko menneske i mellom. Gleda over å sitje til bords saman med nokon, både til kvardags og til fest, kan vere stor. I eit måltid er det ikkje berre maten som er viktig,

men fellesskapet mellom dei som deler måltidet er kanskje viktigare. I kompaniet oppstår samhaldet og praten, tårene og latteren, gjerne rundt leirbålet eller på kaserna. Kvifor? Fordi dei har noko i lag, noko som bind dei saman.

Jesus er radikal når han inviterer til måltid. Han inviterte menneske som samfunnet elles såg ned på og braut slik med skikk og bruk i samtidia. Ved å ha måltidsfellesskap med menneske som andre unngikk, gav han dei verdi.

Jesus inviterer også oss til måltidsfellesskap i nattverden. I nattverden handlar det ikkje om å bli mett i ma-



gen, men det er fellesskapet med Jesus som er det sentrale. Og ikkje berre det; samhaldet med dei andre som tek del i måltidet; kyrkjelyden – kompaniet, vert fornya.

Jesus utfordrar oss ved måten han sjølv inviterte menneske. Kan vi gjere noko av det same? Invitere ein nabo, ein kollega, som ein sjeldan snakkar med? Du skal ikkje sjå bort i frå att de vert kompisar.

Jesus seier: «Sjå, eg står framfor døra og bankar. Om nokon høyrer mi røyst og opnar døra, då vil eg gå inn til han og halda måltid, eg med han og han med meg.» (Op 3,20)



Rune Iversen bur i Alvermarka. Han er kokk på Nordsjø-plattformen Gudrun.

OPPSKRIFT

RATATOUILLE

Tekst/foto: Yvonne Cecilie Jordal

Velkommen til det franske kjøkken og ein klassikar av ein grønsaksrett, brukande både som tilbehør og åleine. Ein ekte franskmann brukar nok ikkje så mykje rotgrønnsaker, men ein kan ha i dei grønsakene ein likar best. Seinsommar og haust er ei herleg tid for ferske og næringsrike grønsaker, og jo fleire sortar du brukar, desto breiare innhald av vitaminer, mineraler og antioksidantar.

Denne varianten er med gulrot, selleri, persillerot, pastinakk, fennikel, squash, løk, raud og gul paprika, aubergine og tomat. Kokken vår brukar omrent like mykje av kvar grønsak, ca ein av kvar til ein gjennomsnittleg stor familie.

Skjær alle grønsakene i like store terningar, ca 1x1 cm. Alle gode franske oppskrifter startar med olivenolje og kvitløk, så også denne: Hakk opp eit par gode kvitløksfedd og ha det i ein god, tjukkbunna kjøle, varm den forsiktig i ein raus porsjon olivenolje og ha i grønsakene etter tur.

Start med rotgrønnsakene, dei treng lengst tid. Lat dei surre fire, fem minutt. Det skal vere god varme, men grønsakene skal ikkje brunast.

Så fyller du på med fennikel, paprika, squash og løk. Lat det surre nye fire, fem minutt før du har i dei blautaste grønsakene, tomat og aubergine. Nye tre, fire minutt i kjelen før du har oppi ein halv boks finhakka tomatar.

Skru opp varmen litt og lat det småkoke til det begynner å «stue seg» litt, det vil seia at væska nesten har kukt heilt inn og tomatane begynner å bli litt klissete. Alt i alt tar varmebehandlinga 15-20 minutt.

Smak til med salt og pepper: Voila!

PS: Lag rikeleg. Dette forsvinn fort!



KNARVIK SENTER

Møteplassen for handel og kultur

Knarvik Blomsterstove



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no



MIN SALME

Av kantor **Boris Kuprijanov**

Det var i kyrkjekoret OsterKlang eg først blei kjend med denne salmen, eller bøna, som eg vel å kalle den. Koret syng den ofte som ei avsluttande velsigning på gudstenesta.

Det hender at eg syng/ber sangen som ei bøn for slekt og vene som bur langt borte i Russland, og for barn og barnebarna i Oslo. Orda treff meg og talar til meg om det vakre i livet, om naturen som vi er ein del av, om Gud, som viser omsorg både for naturen og for oss. Denne songen fokuserer på det som gjev livet innhald og mening. Salmen hjelper meg å setje ord på ei lengt eg har for menneske eg er glad i. Den minner meg om den enkle og ekte gleda som nokon av oss kallar velsigningar. Det er ikkje noko eg kan gjere meg fortent til, men eg kan legge merke til dei midt i kvardagen.

Salmen "*Må din vei komme deg i møte*" er ein gammal irsk folketone, der teksten er basert på ei vakker keltisk velsigning. I ei tid då regnet enten uteblei eller kom i alt for store mengder, er det på sin plass å be om at regnet må "falle mjukt mot di jord".

Salmen blei omsett til norsk av Hans Olav Mørk.

Her er originalteksten til salmen på engelsk:

Må din vei komme deg i møte

May the road rise to meet you
May the wind be always at your back
May the sun shine warm upon your face,
The rains fall soft upon your fields
And until we meet again
May God hold you in the hollow
of His hand.

Må din vei komme deg i møte,
vinden alltid være bak din rygg,
solens lys leke på ditt kinn,
regnet falle vennlig mot din jord.
Og må Guds gode hånd verne om deg
til vi møtes igjen.



OSTER PUKK OG SAND AS

TLF. 56 35 77 00

Torill Foto

Hjelmås
Tlf.: 56 35 52 90

VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.
Kransar, oppsatsar og bårebukettar
fritt levert til gravferda. Gravmonument.

Tlf. 56 59 74 70



NORGESHUS
Hindenes Hus

Hindenes Hus AS - 5993 Ostereidet
Tlf.: 56 35 25 80 - andre.vabo@norgeshus.no

Ebenezer Child Care Ministry

Tekst: Henning Birkeland

Foto: Sunday Sula

I 2018 bestemte soknerådet at vi ville ha et misjonsprosjekt. Vi var opptatt av å finne et lite prosjekt med små administrasjonskostnader, slik at mest mulig av pengene kommer fram til dem vi ønsker å støtte.

Valget ble at vi ville støtte en liten menighet i Kiryandongo nord i Uganda. Denne menigheten er plantet av en annen menighet i Uganda, som Loddefjord menighet i Bergen, har som sitt misjonsprosjekt.

Pr. i dag teller menigheten i Kiryandongo ca. 70 voksne medlemmer og ca. 70 barn. Kirken deres er en provisorisk bygning. Ved siden av kirken har de med god hjelp fra Loddefjord menighet fått bygget en permanent bygning. Dette lille huset er lager, kontor og prestebolig. Deres store drøm er å få bygget en permanent kirke. Frem til 2019 fortalte dette seg som en uoppnåelig drøm. Alle midlene ble brukt til drift, skolegang, mat og medisiner til fattige osv. Etter at vi begynte å støtte dem, har de maktet å kjøpe sand, murstein og armering. Nå mangler de litt mer murstein og cement for å bli klar til å bygge trinn en på den nye kirken, murvegger rundt den provisoriske bygningen. De har også kunnet kjøpe et lite solcelle-strømanlegg. Dette gir dem lys i den provisoriske kirken og utelys på murhuset. Nå har de lys etter at solen går ned ca. kl.19.00.



Så kom koronapandemien.

Dette betyr at midlene som kommer fra Modalen fremover i større grad vil gå til å sikre skolegang for de barna som vi har ansvar for, til drift av menigheten og mat og medisiner til fattige. Dette betyr at det blir mindre til kirkematerialer. Mennesker er viktigere enn kirkehus.

Når koronarestriksjonene oppheves, forhåpentligvis på slutten av året, håper vi å starte opp igjen med kirkeplane. I pinsen oppfordret biskopen oss om å gjøre en ekstra innsats for våre brødre og søstre i fattige land. Mo sokneråd bestemte derfor at offeret på begge gudstjenestene i juni skal gå til misjonsprosjektet.

Hvis noen ønsker å gi en gave til misjonsprosjektet, kan gaven gis til Mo sokn på konto nr.: 3500.07.05827eller vips nr. 528182. Merk gaven med misjonsprosjektet. (Gaver til Mo sokn gir rett til skattefradrag.)

Bispevisitasjon 1.-6. desember 2020

Tekst: Sokneprest Torbjørn Aamli

Første veka i desember kjem biskop Halvor Nordhaug på visitas til Osterfjorden og Mo sokn, og Alver kyrkjelege fellesråd.

Formålet med bispevisitasane er å legga forholda til rette for aktivt engasjement og stadig fornying i kyrkjene våre. Vidare å støtta, inspirera og rettleia kyrkjelydar og tilsette, og gjera kyrkja sitt nærvær synleg i lokalsamfunnet. Dei er eit institusjonalisert og rettsleg ordna besøk for å utøva kyrkjeleg tilsyn, med særleg vekt på forkynninga av Guds ord i soknet.

PROGRAMMET

Programmet for visitasen er under utarbeidning, men vi ønsker at biskopen skal sjå både Mo, Vike og Ostereidet kyrkje og Hjelmås kapell. Endeleg program kjem seinare.

Velkommen til småbarnstrall i Hjelmås kapell

Tekst: Ragnhild Minde Romarheim

Småbarnstrall er eit tilbod for born i alderen 0-5 år saman med foreldre eller føresette. Samlingane startar med ei felles songstund. Etterpå er det felles lunsj med medbrakt mat. Kaffi og te blir servert. Tilboden er gratis, og vi ønsker å legge til rette for ein sosial møteplass for små og store.

Småbarnstrall vil denne hausten vera annankvar tysdag i oddetalsveker kl 10.30 -12.30. Vi startar opp tysdag 8. september.

Ein viktig kommunikasjonsarena for Småbarnstrall er Facebookgruppa «Småbarnstrall i Osterfjorden». Du finn også informasjon på websida: kyrkja.no/osterfjorden under mappa «born».

Har de spørsmål om tilboden, kan de kontakte Ragnhild M. Romarheim, mob: 93630347, epost: rr489@kyrkja.no.

Velkommen til både store og små!

Slekters gang

Døypte:

Hjelmås kapell

- 10.05.20 Monica Orvedal Vevang
14.06.20 William Kristoffer Davidsson Olaussen
14.06.20 Jørgen Mikal Espelund Olaussen

Ostereidet kyrkje

- 31.05.20 Eiril Stusdal Corneliusen
07.06.20 Nikolai Kvalheim Tvedt

Andre kyrkjer

- 19.04.20 Linnea Moberg Tredal (Knarvik kyrkje)
28.06.20 Thor Andre Harrison (Alversund kyrkje)
15.08.20 Lina Johnsen Dyrkolbotn (Dyrkolbotn)

Døde:

Hjelmås

- 06.06.20 Arvid Lidvard Sandvik
13.07.20 Karl Heggernes
25.07.20 Reidar Bjørsvik
31.07.20 Ingrid Frid Heggertveit

Ostereidet

- 20.06.20 Halldis Ånensen

Vike

- 18.03.20 Edvard Ingolf Urdal

Drive-in konsert på Modalstunet

Tekst: Lars Bjarte Nesheim

Foto: Lars Ørjan Nese, Nese Media

Diakoninemnda i Mo sokn fekk i vår for seg å gjøre noko for bebuarane på Modalstunet. Initiativet frå Sigrun Dale og Berit Indvær resluterte i drive-in-konsert på sjølvaste syttande mai.

Kvelden før vart det rigga til telt som både held musikarane tørre og gjorde det mogeleg å gjennomføra koronakrava. Sjølve konserten vart akkompagnert av eit skikkeleg ‘buderiggen’.

Sigrun Dale leia tilstellinga og sa innleiingsvis nokre ord om 17-mai og temaet for konserten som var grunnlovsdag og fedrelandssongar. I tillegg arrangerte bandet ein potpurri, som fall særleg i smak hjå Nese media som hadde tatt på seg oppdrag med å kringkaste 17.mai-feiringa i Modalen på Internett. Smakebit frå konserten finn du på <https://www.youtube.com/watch?v=CGCByuW5hOA>

Sigrun Dale og Berit Indvær las også dikt frå Halldis Reigstad si utgjeving ”Vårvarme vindar”.

Bandet bestod av: Gunnar Eide på trekkspel/fløyte og synth, Berit Indvær på gitar.

Dei som bur på Modalstunet sette pris på drive-in konserten!



Berit Indvær, gitar; Gunnar Eide, trekkspel. Sigrun Dale og Gunnar Eide les dikt.

Gudsteneste-kalender

Vi ønskjer at kyrkja skal vere ein trygg stad. Difor har vi faste rutinar for reinhald og praktiserer den kjende einmeters-regelen. Men det gjer òg at vi finn det best å flytte gudstenestene frå Hjelmås kapell til Ostereidet kyrkje i resten av kyrkeåret. Dette gjeld og konfirmasjonsgudstenesta.

Dersom det blir nye endringar, blir det kunngjort på heimesida kyrkja.no/osterfjorden og Facebooksida Kyrkja i Osterfjorden og i lokalavisene. Advents- og juletida får vi kome attende til.

DÅP

Det kan vere dåp på dei fleste sundagane, anten i gudstenesta eller i ei kort dåpsgudsteneste etter den ordinære gudstenesta. Til dei oppsette gudstenestene i Osterfjorden kan ein melde dåp på heimesida. Høver ikkje desse, ta kontakt med kyrkjekontoret i Osterfjorden eller Mo (sjå s.2 i kyrkjebladet), så prøver vi å finne ei løysing.

27. september

17. søndag i treeiningstida
Ostereidet kyrkje kl 11.00
Torbjørn Aamli

4. oktober

18. søndag i treeiningstida
Vike kyrkje kl 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste
Torbjørn Aamli

17. oktober

Ostereidet kyrkje kl 10.30
Konfirmasjonsgudsteneste
Torbjørn Aamli

18. oktober

20. søndag i treeiningstida
Ostereidet kyrkje kl 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste
for konfirmantar frå
Hjelmås
Torbjørn Aamli

24. oktober

Mo kyrkje kl 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste
Torbjørn Aamli

25. oktober

Bots- og bønedag
Familiegudsteneste,
utdeling av 4-årsbok
Ostereidet kyrkje kl 11.00
Magne Bjørndal

1. november

Helgemessesundag
Ostereidet kyrkje kl 18.00
Torbjørn Aamli

8. november

23. søndag i treeiningstida
Ostereidet kyrkje kl 11.00
Håkon Ø. Kinsarvik

15. november

24.søndag i treeiningstida
Mo kyrkje kl 11.00
Torbjørn Aamli

22. november

Domssøndag/Kristi
kongedag
Ostereidet kyrkje kl 11.00
Torbjørn Aamli

29. november

1. søndag i advent
Vike kyrkje kl 17.00
Familiegudsteneste og
lysmesse
Helge Taranrød

2. desember

Mo kyrkje kl 18.30
Gudsteneste der biskopen
deltek i samband med
visitasen

6. desember

2. søndag i advent
Ostereidet kyrkje kl 11.00
Visitasgudsteneste



Mo kyrkje



Vike kyrkje



Ostereidet kyrkje



Hjelmås kapell

FASTE AKTIVITETAR I OSTERFJORDEN

Ostereidet kyrkje

Sprell levande
Søndagsskule 1.-4.klasse
Onsdagar kl.12.45-14.15
(Oddetalsveker)
Ingunn Skeie Buanes,
95823103

Ostereidet Soul Children
Onsdagar kl.17.30-18.30
Renate Waldow, 91550548

Fredagskafeen
Fredagar kl.20-23.00
Bjørn Ingvar Eidsheim,
971 45 120

Te Deum
Onsdagar kl.19.00-21.00
Solfrid Hindenes, 90117981

Osterklang
Torsdagar kl.17.00-19-00
Solveig Eide, 98647358

Pensjonistlaget
Torsdagar kl.16.30
Arnfinn Hellenvang, 97601675
Siste torsdag i mnd.

Strikkekafeen
Tysdagar kl.19.00-21.00
(Partalsveker)
Sonja Molvik, 47855513

Bøn og lovsong
Mandagar kl.19.00-21.00
(Partalsveker)
Ivar Eidsheim, 91704246

Hjelmås kapell

Jungelgjengen
Tysdagar kl.17.30-19.00
Helga A.Eikrem, 41648493

Småbarnstrall
Onsdagar i partalsveker
Bjørn D. Nygård

Borgstova på Vikanes

Laurdagsgraut
Borghild Toft, 48057831